Februar 2019

Årsmelding 2018 for Holsen Grendalag

Styret

Styret har hatt følgjande samansetjing i 2018:

Leiar: Sveinung Nydal
Nestleiar: Stig Arve Holsen Foss
Kasserar: Øystein Holsen
Skrivar: Trine Renate Vallestad
Styremedlem: Hanne Høgseth

Vara: Hildegunn Kvamme og Henriette Nydal

Valnemd

Helen Sørsund	1 år
Gro Reiersgård	2 år
Nicolai A. Holsen	3 år

Styret har hatt 4 møter og handsama 21 saker.

Arbeidsoppgåver for styret:

- Grindbygg
- Strandryddeaksjon
- Felles dugnad med Holsen skule og barnehage
- Tiltakspris 2017
- 17. mai
- Jonsokfeiring
- Adventsbasar
- Adresseplan
- Kulturminneplan
- Veglys
- Autovern
- Diverse

Grindbygg

Grindebygget er nesten ferdig utvendig, det som manglar er hovudsakeleg torvtak og beis. Deretter må ein bli einige om utforminga innvendig.

Ryddeaksjon Holsavatnet

Torsdag 03. mai var det strandryddedag, der både små og store i bygda bidrog til å rydde langs Holsavatnet. Vi hadde avtale med Sunnfjord Miljøverk som tok med seg bosset ved neste tømming.

Felles dugnad ved skulen og på tusenårsplassen

Grendalaget inviterte til felles dugnad med Holsen skule og barnehage laurdag 12. mai. Det var bra oppmøte og som vanleg hadde vi pause med vafler, kaffi og saft. Takk til alle frammøtte!

Tiltakspris 2017

Det vart ikkje delt ut tiltkspris for 2017.

17. mai-feiring

Årets 17. mai var ein hyggeleg dag med godt oppmøte. Resultatet frå dagen viste eit overskot på kr 9.437.

Søndag 18. november vart det halde eit grendamøte der det vart avgjort at ein skal halde fram med arrangement på dagtid, slik som det har vore dei siste åra.

Jonsokfeiring

Jonsokfeiringa vart arrangert av husstandane i Viskedalen - Fleten, og gjekk føre seg nede ved vatnet på Høgset hos Einar Sæterdal. Dei frammøtte hadde ein koseleg kveld sjølv om det var noko nedbør.

Adventsbasar

Adventsbasaren vart arrangert av husstandane i Heimestøl – Stranda. Bra frammøte og vel gjennomført basar. Overskotet kom på kr 36.588.

Adresseplan

Styret har sendt høyringssvar til adresseplanen, både til Førde kommune og Gaular kommune. Gaular kommune har komt med forslag om å kalle vegstrekka Moskog-Balestrand

for Gaularfjellsvegen, og Førde kommune har ikkje kome med innvendingar mot dette.

Kulturminneplan

Styret har sendt høyringssvar til kulturtminneplanen, med forslag om å ta med Bedehuset i Holsen.

Veglys

Veglysnemnda har i 2018 bestått av Einar Sæterdal, Lars Sæterdal og Frode Sørevik. I løpet av året har det vore rydda og sett opp pålar på Høgset. Det har også vore ein del vedlikehald.

Autovern

Ingen utvikling i 2018 – autovern i Høgsetbukta og på strekka Høgset-Skjeldset står framleis på behovslista til vegvesenet, og har ikkje vore ute på anbud.

Økonomi

Resultatet for 2018 viser eit overskot på kr 12 260.

Sveinung Nydal/sign Stig Arve Holsen Foss/sign Øystein Holsen/sign

Trine Renate Vallestad/sign Hanne Høgseth/sign

Budsjett for Holsen Grendalag

2019

Konto	INNTEKTER	UTGIFTER
Grindbygg		-5 000
Hjartestartar		-15 000
Veglys	30 000	-75 000
Arrangement	5 000	-1 000
17.mai	25 000	-20 000
Renter	750	0
Gåver	3 000	-10 000
Kulturmidlar	5 000	
Drift		-1 500
Gebyr		-350
Tusenårsplass/Grendahus		-5 000
Norsk Tipping	6 000	
Summering	74 750	-132 850
Budsjettert resultat	-58 100	

Det er budsettert med eit underskot på 58 100 kr
som blir teke av oppsparte midlar.

Øystein Holsen
Kasserar